

## Notat til Sogn regionråd

Sogndal 5. november 2015

### Endringar i sommar- og heilårsruta for Sognebåten (Norled ruta 23.501) tilpassa reiselivet.

Fylkesdirektøren for samferdsle gjorde våren 2012 tilråding om å redusera ruteproduksjonen på Sognebåten frå 01.05.16. Dette var kommunane og reiselivsnæringa sterkt usamde i. Med bakgrunn i dette gjorde fylkestinget den 11.12.12 vedtak i sak 57/12 om Sognebåten, og i pkt 4. i vedtaket heiter det:

*Fylkeskommunen viser til førespurnad frå fleire Sognekommunar og ser positivt på initiativet om å opprette ei arbeidsgruppe/ brukarutval for å vidareutvikle produktet Sognebåten.*

I 2015 vart det lagt opp til ei innsparing i rutedrifta med NOK 4,8 mill. ved å sette inn eit mindre parti på ruta (Brage, 140 passasjerar). Med bakgrunn i klager på kapasitet og kvalitet vert det lagt opp til å sette inn større parti (Tyrving, Bergen - Sogndal, 180 passasjerar, og Vingtor, Bergen – Flåm, 300 passasjerar) i 2016.

Arbeidgruppa («Båtgruppa»)<sup>1</sup> har kopla på Fjord Tours AS, Flåm AS, Bergen reiselivslag, Fjord Norge AS og Norled i avklaringa av moglegheiter og utfordringar for bruk av ruta i reiselivssamanhang. Reiselivet har hatt ein vekst på 6 – 20% i 2014 og 2015 med utsikter til tilsvarande vekst dei nærmaste åra<sup>2</sup>. Veksten er relativt sett størst i skuldersesongen april/mai og september/oktober. Fjord Tours sine «Nutshell»-turar hadde ein vekst på 30% frå 2014 til 2015.

Sognebåten er ein viktig del av infrastrukturen for reiselivet knytt til «Nutshell»-turane, «Verdas vakraste fjordcruise» frå Bergen til Sogn og koplinga mellom Flåm og Nordsida av Sognefjorden. I tillegg er ruta ei viktig transport- og pendlerute for kommunane langs Sognefjorden.

Det er to aktuelle mogleheitsområde som bør utredast relatert til reiselivsnæringa:

- 1) Utviding av sommarruta Bergen – Flåm i perioden april – oktober
- 2) Etablering av Flåm som endestopp for vinterruta november - mars

#### 1) Utviding av sommarruta Bergen – Flåm i perioden april – oktober

Sommarruta Bergen – Flåm – Bergen går med eige parti (Vingtor, 300 passasjerar) i perioden 01.05 – 30.09. Reiselivet ynskjer ei utviding av perioden frå april – oktober for å møte auke etterspurnad frå marknadene. Basert på trafikktale frå Fjord Tours/Norled og veksten i gjestedøgna i Bergen (+8,8% i april) og Sogn (25-200% vekst i april på internasjonale satsingsmarknader) er potensialet for trafikkvekst størst i april. Det bør vurderast ulike utvidingsalternativ, og ein kan vurdere trinnvis utviding i løpet av f.eks. 3-4 år med utviding i april først og oktober etter kvart:

<sup>1</sup> Norled, Visit Sognefjord, Visit Fjordkysten, Hotellnæringa v/Sigurd Kvikne, Havyard; Leirvik, 1 representant frå Sogndal, 1 representant frå Aurland/Flåm, , Ordføraren i Hyllestad, Ordføraren i Gulen

<sup>2</sup> Gjestedøgnstatistikk frå SSB for Fjord Norge og Sognefjorden, samt besøkstal ved dei største attraksjonane i Sogn.

| Frå dato | Til dato | Kostnad* (NOK) |
|----------|----------|----------------|
| 01.05    | 15.10    | 1.750.000      |
| 01.05    | 31.10    | 3.500.000      |
| 15.04    | 15.10    | 3.500.000      |
| 15.04    | 31.10    | 5.250.000      |
| 01.04    | 15.10    | 5.250.000      |
| 01.04    | 31.10    | 7.000.000      |

\*Grovt estimert kostnad frå Norled inklusiv (minimum) 16,5% overhead.

Norled har farty og mannskap som kan settast inn på utviding av ruta. Utfordringa er knytt til usikkerheit om nivået på- og tidspunktet for kommersiell kostnadsdekning, saman med moglegheit for eventuell økonomiske bidrag frå offentleg og/eller privat side inntil ruteutvidinga har eit kommersielt driftsgrunnlag. Kostnaden per månad for Flåmseksspressen er grovt estimert til NOK 3 mill. I tillegg vert det rekna minimum 16,5% overhead for dekning av løpende drifts-/vedlikehalds-kostnader og forteneste. Det vil sei at ruta må ha ei omsetning på minimum NOK 3,5 mill. per månad (tilsvarer 5.265 fullt betalande passasjerer mellom Bergen – Sogndal). Norled er avhengig av avtale om ein eventuell omsetnings-/inntektsgaranti eller økonomisk støtte for å kunne realisere sesongutviding.

Alternativet til utviding av sommarruta parallelt med heilårsruta i april og oktober, er å vurdere endra endestogg frå Sogndal til Flåm i utvidingsperioden (deler av- eller heile april og oktober) der ein nyttar Vingtor frå sommar-ruta eller eventuelt Tyrving frå heilårsruta. Då vil det eksisterande trafikkgrunnlaget dekke kostnadene per månad gitt at trafikken er stabil eller aukande. Eit anna alternativ er å bruke heilårsruta i april/oktober med omlasting av passasjerar i Leikanger til/frå Flåm på mindre farty (112 passasjerar). Kostnaden med ekstra farty Leikanger – Flåm er grovt rekna til om lag NOK 1 mill. per månad (mot om lagt NOK 3,5 mill. for utviding av sommarruta).

Traffikktalet frå Norled syner 5.061 passasjerar i april 2015 (-5% frå 2014) og 5.485 i oktober 2014. Fjord Tours hadde 24% auke frå 2014 – 2015 i mai – september på «Sognefjorden in a Nutshell» som nyttar Sognebåten. Samla vekst for sommarruta til Sognebåten (mai – september) var 31% (+ 12.463 passasjerar) frå 2014 – 2015.

| Måned     | 2014   | 2015   | Endring % | Heilårsruta 2015 | Sum Sommar- og heilårsruta |
|-----------|--------|--------|-----------|------------------|----------------------------|
| April     |        |        |           | 5.061            | 5.061                      |
| Mai       | 5.157  | 6.446  | +25%      | 5.432            | 11.878                     |
| Juni      | 10.498 | 10.480 | -2%       | 6.201            | 16.681                     |
| Juli      | 10.189 | 16.562 | +63%      | 6.282            | 22.844                     |
| August    | 8.650  | 12.181 | +41%      | 6.307            | 18.488                     |
| September | 5.616  | 6.904  | +23%      | 4.775            | 11.679                     |
| Oktober   |        |        |           | 5.485*           | 5.485                      |
| Sum:      | 40.110 | 52.573 | +31%      | 28.997           | 81.570                     |

Tabell: Flåmseksspressen sommarrute mai – september, Bergen – Sogn – Flåm – Bergen 2014 – 2015. April og oktober er ikkje med i summeringa. \*Oktobertal frå 2014

### Tilråding:

Båtgruppa utarbeider i dialog med dei aktuelle reiselivsaktørane (bl.a. Fjord Tours AS, Flåm AS, Norled, Bergen reiselivslag og Fjord Norge AS), regionrådet og fylkeskommunen:

- Estimat på trafikkutvikling frå 2016 -2020 for april og oktober
- Forslag til utvidingsperiode frå 2016 – 2020 (heil- eller trinnvis utviding)
- Forslag til finansieringsmodell for ruteutvidinga - private investeringar/risikovilje, behov for offentleg støtte og/eller tilpassing av heilårsruta (endestogg Flåm og større farty eller omlasting til eige farty Leikanger – Flåm) som løysing for utviding av sommarruta til Flåm i perioden

### 2) Etablering av Flåm som endestopp for vinterruta oktober - april

Vinterruta Bergen – Sogndal – Bergen går med eige farty (Tyrving, 180 passasjerar) i perioden 01.10 – 30.04. For å utnytte reiselivspotensialet mellom Oslo/Bergen (tog) - Flåm – Nordsida av Sognefjorden – Bergen om vinteren, må endestoggen endrast frå Sogndal til Flåm med korrespondanse til/frå Sogndal til/frå Leikanger/Slinde (skuleruta frå Aurland) med buss. Alternativt kan båten gå frå Flåm til Sogndal og vidare mot Bergen, men dette er ei kostbar og tidsutfordrande løysing. Endring av endestogg vil uansett medføre ei ruteendring der passasjerane må bytte farty ved Sollibotn.

Perioden for endring med Flåm som endestogg er avhengig av saken ovanfor om eventuell utviding av sommarruta, slik at ein legg opp til endestogg Flåm i den perioden sommarruta ikkje går. Det er uansett viktig for reiselivet på nordsida av fjorden å få transportert ut passasjerar til/frå Flåm om morgonen og ettermiddagen heile året.

Norled er opne for dialog om endring av endestogg, men ynskjer ei utredning knytt til passasjerpotensialet for reiselivstrafikk i vinterperioden og eventuelle negative konsekvensar for andre reisande ved å erstatte Sogndal som endestogg med ei meir komplisert reiserute med buss til Leikanger/Slinde og båtbytte i Sollibotn. Vidare er Norled tydlege på at om ein skal etablere ei vinterrute mellom Flåm og Nordsida av Sognefjorden bør ein nytte eksisterande ruter og materiell innafor Norled sitt anbod framfor etablering av kommersielle båttilbod på denne strekninga. Dette for å sikre trafikkgrunnlaget for Sognebåten om vinteren.

Traffikkdata frå Norled syner 35.217 passasjerar frå oktober – april i 2014. Sommarruta og heilårsruta hadde til samanlikning totalt 81.570 passasjerar i mai - september 2015 – 52.573 på sommarruta og 28.997 på heilårsruta. Fjord Tours sine «Nutshell»-turar hadde eit betydeleg tal passasjerar frå oktober – april 2015.

| Månad     | 2014   | 2015   | Endring % |
|-----------|--------|--------|-----------|
| Januar    | 4.371  | 4.229  | -3%       |
| Februar   | 4.777  | 4.994  | +5%       |
| Mars      | 5.155  | 5.500  | +7%       |
| April     | 5.330  | 5.061  | -5%       |
| Mai       | 4.795  | 5.432  | +13%      |
| Juni      | 5.658  | 6.201  | +10%      |
| Juli      | 6.150  | 6.282  | +2%       |
| August    | 5.675  | 6.307  | +11%      |
| September | 4.450  | 4.775  | +7%       |
| Oktober   | 5.458  |        |           |
| November  | 5.137  |        |           |
| Desember  | 4.989  |        |           |
| Sum:      | 46.361 | 48.781 | +5%       |

Tabell: Sognebåten heilårsruta Bergen – Sogn Bergen 2014 – 2015. Tala for okt. – des. 2014 er ikkje med i summeringa.

### Tilråding:

Regionrådet avklarer i dialog med båtgruppa, fylkeskommunen og dei aktuelle reiselivsaktørane (bl.a. Fjord Tours AS, Flåm AS, Norled, Bergen reiselivslag og Fjord Norge AS):


- Estimat på trafikkutvikling frå 2016 -2020 frå oktober/november til mars/april
- Konsekvensutredning for mogleg endring i passasjertrafikken utanom reiselivstrafikken ved endring av endestogg frå Sogndal til Flåm for heilårsruta
- Konsekvensar for rutestruktur og buss-/båtkorrespondanse ved endring av endestogg, med forslag til alternativ rutestruktur og korrespondansebehov

Oppgåvene bør løysast som oppdrag saman med eksterne kompetansemiljø.

Sognebåten er ei særsviktig transport- og opplevingsrute både for lokalbefolkinga og reiselivet. Utviding av sommarruta og endring med endestogg i Flåm er viktig for å utnytte trafikkpotensialet frå reiselivet i Sogn og Bergen, og vil bidra til å få opp volumet og redusere behovet for subsidiering i neste anbodsperiode. Endringane bør sjåast i samanheng med kvarandre.

På vegne av båtgruppa,

Ståle Brandshaug



Reiselivsdirektør, Visit Sognefjord AS